



Vanylven kommune
Rådmannskontoret

KOMM. OG REG. DEP

07 SEPT 2006
061532-37

Ark. 1014

Avd. RO/KO/MAR

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Vår ref.

06/00626-006/KKV

Arkivkode

010

Dykkar ref.

Dato

05.09.2006

MELDING OM VEDTAK

UTTALE - RAPPORT H-2185 OM "ELEKTRONISK STEMMEGIVNING- UTFORDRINGER OG MULIGHETER".

Kommunestyret handsama i møte 04.09.2006 sak 0061/06. Følgjande vedtak vart fatta:

Vanylven kommune viser til Rapport H-2185: "Elektronisk stemmegivning – utfordringer og muligheter" og støttar konklusjonane i rapporten.

Saksutgreiing ligg ved til orientering.

Rett utskrift:

Vanylven kommune


Kåre Kvangarsnes

Postadresse:
Rådhuset
6143 Fiskåbygd

Besøksadresse:
Rådhuset
Fiskåbygd

Telefon: 700 23700
Telefaks: 700 23737
E-post: postmottak@vanylven.kommune.no

Sak 0061/06

**UTTALE - RAPPORT H-2185 OM "ELEKTRONISK STEMMEGIVNING-
UTFORDRINGER
OG MULIGHETER".**

Sakshandsamar: Kåre Kvangarsnes
Arkivsaksnr.: 06/00626

Arkiv: 010

Saksnr.: Utval
0122/06 Formannskapet
0061/06 Kommunestyret

Møtedato
21.08.2006
04.09.2006

TILRÅDING:

Formannskapet tilrår:

Vanylven kommune viser til Rapport H-2185: "Elektronisk stemmegivning – utfordringer og muligheter" og støtter konklusjonane i rapporten.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Kommunal- og regionaldepartementet sette i juni 2004 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å vurdere om, og eventuelt korleis det bør innførast moglegheiter for å avgi røyst elektronisk ved politiske val. Arbeidsgruppa, som har vore leia av Bernt Aardal frå Institutt for samfunnsforskning, har no overlevert si utgreiing i rapporten "Elektronisk stemmegivning – utfordringer og muligheter". Departementet bed om uttale frå høyringsinstansane innan 30.09.06.

Rapporten er på 180 sider. Vedlagt legg ein ved fylgjeskriv frå departementet og kapitla vedk. mandat og tilrådingar/samandrag frå rapporten.

Det vert understreka at ved val er det ein ufråvikeleg førsetnad at ein stiller strenge krav til tryggleik og at veljarane sin tillit til valsystemet vert oppretthalde.

Gruppa konkluder med at det ikkje bør innførast elektronisk røystegjeving i stor skala no. Ein peiker likevel på at teknologien er i stadig endring, og det er viktig å hauste praktiske erfaringar med ulike tekniske løysingar og veljarane sin tillit til desse. Arbeidsgruppa foreslår difor at det vert sett i gang trinnvise forsøk med elektronisk røystegjeving.

I "overskuelig" framtid vil elektronisk røystegjeving likevel kun vere eit supplement til ordinær røystegjeving.

Det vert peika på at lovgjevinga forutset at styremaktene legg til rette for frie, rettferdige og hemmelege val. Når ei røyst vert avgitt heimefrå, på arbeid, skule etc. er det ikkje mogleg for styremaktene utan vidare å sikre at røysta er avgitt hemmeleg.

Vidare vert det understreka at eit elektronisk valsystem vil vere meir komplisert ein eit tradisjonelt system med papirrøystesetlar der det er mogleg for lekfolk å forstå og kontrollere det som foregår. Lekmannskontrollen vert erstatta med tillit til ekspertane.

Arbeidsgruppa tilrår at det vert etablert eit sentralt godkjenningsregime for kravspesifikasjonar, inkludert overvaking, kontroll og gjennomføring.

Kort om forsøk med trinnvise val:

Trinn 1:

Elektronisk røystegjeving i kontrollerte omgjevnader med sikra nett og datamaskinar med tryggleiksslogg. Veljaren vil her røyste ved hjelp av ein datamaskin i eit godkjent vallokale under oppsyn av offentlege valfunksjonærar.

Trinn 2:

Etter ei systematisk evaluering av erfaringane i trinn 1: Forsøk med elektronisk røystegjeving i ukontrollerte omgjevnader i mindre skala for spesielle grupper (t.d. utanlandsbuande, funksjonshemma eller enkeltkommunar).

Trinn 3:

Dersom røynslene frå trinn 2 tilseier det: Gradvis utviding av forsøka med røystegjeving i ukontrollerte omgjevnader med ukontrollert datamaskin også for bindande val, slik at forsøka omfattar stadig større veljargrupper.

VURDERING:

Vi er samde med konklusjonane frå arbeidsgruppa. Her bør ein ikkje gå for raskt fram. Veljarane må ha tillit til valsystemet, at valet er hemmeleg og at tryggleiken er så god at ein ikkje får mistanke om valfusk. Det er likevel viktig at ein startar slike trinnvise forsøk med elektronisk røystegjeving som arbeidsgruppa legg opp til. På sikt vil heilt sikkert elektronisk røystegjeving kome inn som eit alternativ til ordinær røystegjeving med papirsetlar.